

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.03.2020

Til stades: Gunnar Dalseth, Sigmund Eiken, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: ingen forfall

Referent: Kaia

**Sak 2020/15: Godkjenning av innkalling og dagsorden;** godkjent.

**Sak 2020/16: Godkjenning av referat frå styremøte 11.02.20;** godkjent

**Sak 2020/17: Orientering frå valnemnda om nominasjonar av styrekandidatar:**

Hans Magnar Samland, Britt Heidi Selsvik og Gunnar Dalseth møtte for valnemnda for å informere om innstillingane av nye styrefolk til val på årsmøtet. Takk for god jobb!

**Sak 2020/18: Tilstellingar:**

Planlegging av *årsmøte søndag 22. mars kl. 16.00:*

- a. Gjennomgang av utkast til årsmelding (rekneskap i sak 2020/20)
- b. Framlegg til dagsorden:
  1. Val av møteleiar og referent
  2. Val av to personar til å underteikne protokollen
  3. Godkjenning av innkalling og dagsorden
  4. Framlegg av årsmelding for 2019
  5. Framlegg av revidert rekneskap for 2019
  6. Budsjett for 2020.
  7. Endring av vedtektene i fylgje forslag frå styret
  8. Val av nye styremedlemmer og varamedlemmer
  9. Val av styreleiar
  10. Val av revisor
  11. Val av valnemnd
  12. Open samtale om arbeidet til bygdelaget. Planar og innspel.
- c. Servering av kake og kaffi. Me tingar kake på butikken.

Det er avklart med styreleiar i Herand Omsorgsbustader at dei gjennomfører val til sitt styre på eiga hand.

**Bygdedugnad laurdag 25.04 kl. 09.30**, oppmøte i båthamna. Gunnar snakkar med Herand Kvinne og familielag om mat og bedehuset om plass for eting. Skriv om innmelding av arbeidsoppgåver vert send til leiarane i alle lag, med frist for tilbakemelding 18.04. Styret oppmodar alle brukarlag av Herand kulturhus å stille godt med folk til dugnaden der.

Det vert **dugnad i kulturstien laurdag 18.04 kl 09.30** med oppmøte på brua i Sævare. Ta med niste og reiskap.

**Sak 2020/19: Egedomar:**

- Brøyting (jfr sist styremøte): Noverande avtale går ut denne sesongen.
- Egedomsgrenser Herand kulturhus: Orientering frå Gunnar; Bygdelaget eig bruk 3 og 86. Ullensvang kommune er kontakta med spørsmål om dei kan ta ein oppmåling for å fastsetje egedomsgrensa.
- Eigarskap i Herand Omsorgsbustader: Styret drøfta representasjon og meir deltaking i styret for Omsorgsbustadene. Denne saka overlatast til nytt styre og vurderast i høve generalforsamling i Omsorgsbustadene.
- Moppevaskemaskin; Staples kan ikkje levere den bestilte maskina. Me må finne ein anna forhandlar og bestille på nytt.

**Sak 2020/20: Økonomi/søknader/fristar etc.:**

Gjennomgang av rekneskap for 2019. Vert lagt frem for årsmøtet 22.03.20

**Sak 2020/21: Eventuelt/andre saker:**

- Registrering av jonsokbrurebunad: Marta har vore på Hardanger Folkemuseum på Utne der brurebunadane vart registrert. Flotte tilbakemeldingar om bunadane, infomateriale og bilete. Arbeidet er i samband med laging av ei bok om jonsokbryllaupstradisjonar i Hardanger.
- Prosjekt om utvikling av uteområdet ved kulturhuset: Arbeidet med å lage ein aktivitetspark/nærmiljøanlegg ved kulturhuset er i gang. Kaia har hatt møte med Herand idrettslag ved Margreta s. Eiken og Hildegunn Samland og synfaring av område med Egil Dvergsdal frå Ullensvang kommune. Han vil vere behjelpeleg med å kople opp mot kommunen sin forhandlar og utarbeide eit forslag til utstyr/apparat. Prosjektgruppa ynskjer at ein del av plassen mot gjerde til den tidlegare barnehagen vert nytta til aktivitetspark. Styret hadde ingen innvendingar mot dette.
- Stormflo i Båtbyggjarmuseet: det trengs ein dugnad for å rydde opp etter stormfloa. Me sjekkar med Mannabenken fyrst om dei ser syn med å ta eit tak.
- Lekkasje i pipe på kulturhuset, noko vatn har kome inn i utstillinga. Forslag om å fjerne pipa og legge tak over holet. Me har noko ekstra takstein, undersøkje om det er mogleg å få laga fleire på Voss. Thorleif Gjernes ser på jobben.
- Det er kome førespurnad om å få leige eit lager/kontor i kulturhuset. Det er for tida ikkje lokale tilgjengeleg som passar.
- Me har fått tilbod om å overta eit brukt solarium til kulturhuset. Dette ser me ikkje som mogleg å overta grunna administrering av bruk og hygiene.

**Neste styremøte tysdag 14.04.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus**